



CC-BY-SA 4.0

## Forord

Med denne boka har *Forskningsnettverket for poetisk tenking* etablert ein tradisjon. Det er nemleg tredje boka vi gir ut. Alle som ein har blitt til artikkelsamlingar etter å ha vidareutvikla materiale opphaveleg lagt fram på seminar. *Om det menneskelege og det ikkje-menneskelege – ti tekstar om lyrikk* har sitt utspring frå seminaret «Det menneskelege og det ikkje-menneskelege i dikt», arrangert på Haugesenteret i Ulvik 21.–22. oktober 2021.

*Forskningsnettverket for poetisk tenking* har eksistert sidan 2015 då det første seminaret vart skipa, og er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur som driv Haugesenteret og forskarar frå norske universitet og høgskular, forfattarar og andre med lyrikkfagleg bakgrunn eller virke. Nettverket har fleire gongar også bidrege på seminar under Poesifestivalen i Ulvik.

Publikasjonen er støtta av:

Høgskolen i Innlandet  
Høgskulen på Vestlandet  
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur  
Universitetet i Stavanger  
Universitetet i Sørøst-Noreg  
Universitetet i Tromsø, Noregs arktiske universitet

Vi takkar Aud Søyland, Elin Stengrundet og Idar Stegane for hjelp til språklege rettingar.

Redaksjonen på vegne av *Forskningsnettverket for poetisk tenking*